

Villheks

Katten stod midt i trappa ned til kjellaren. Han ville ikkje flytte seg.

«Husssj,» kveste eg til han. «Vekk! Stikk! Ha det!»

Han rikka seg ikkje ein millimeter. Brått gjorde han eit hopp. Rett mot meg. Katten hogg med poten mot ansiktet mitt, og eg kjende klørne rispe huda rett over nasen. Blodet begynte å renne med det same. Så bøygde han seg fram og sleikte blodet av såret han sjølv hadde laga.

«Clara! Kva er det no, då, kva er det som har skjedd?» spurde mamma forskrekka då eg kom inn igjen i gangen.

«Ein katt,» kviskra eg. Kroppen min rista, eg hadde vondt i hovudet.

«Å nei,» sa ho. Ikkje meir enn det. Så begynte ho å gråte.

Mamma er ikkje noka sippeguri. Ho er tøff. Og ho slutta fort å gråte og begynte å reinse såret i panna mi. Så drog vi til legen, og eg fekk penicillin. Mamma oppførte seg som om eg var sjuk, sjølv om eg ikkje var det. Vi kjøpte pizza, og eg blei heime frå skulen.

Eg vakna midt på natta. «Mor,» sa eg. «Eg trur eg har feber.»

«Du er jo glovarm,» sa ho. «Legg deg, så ringjer eg legevakta.»

Det neste eg hørde, var: «Det er Milla Ask, det er utruleg viktig at eg får tak i søstera mi ...» Så lukka ho døra, og eg kunne ikkje høyre resten. Eg visste jo at mor hadde ei storesøster, men eg hadde aldri treft henne. Kvifor var det så viktig å få snakke med henne no? Eg kunne høyre stemma til mor berre innimellom, eg hørde henne seie «viktig» og «livet til dottera mi».

Livet til dottera mi? Trudde ho eg var i ferd med å døy? «Mor?» ropte eg. Mor kom inn på rommet mitt. «Vesle mus, vi blir nok nøydde til å køyre ein tur. Trur du at du orkar det?»

Oppgåver:

Sjå elevbok 7A side 105.

Gjer oppgåvene 2–8.

